

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kviteseid

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Heggheim

Gard:

(adresse): Meis

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er ikkje meir en snau eit halft hundrår sidan at jolenissen hev vore på farten her uppe i bygdarne.

Skikken kom med julegrani frå byarne ei stund etter århundraskippe. Det var på festar som lærarne heldt for borni i skulen dei stelte til jolenisse, jolefestar.

Seinare kom dei til å hava den i heimarne for borni au.

2.

Jolenissen delar ut berre gøtter som apelsinor eple o. a. i skularne på festen for borni. I heimarne er det både gavor og gøteri.

3.

Ein kar som er passeleg høg vert kladd ut som nisse. Han bør ikkje vera for stor heller, men godt kladd so borni ikkje kjennet han.

4.

Dei klar han ut med maske, handtopplue og frakk, ^{og kanskje på forne} han hev ein stav i handi med sekk på ryggen.

5.

Maskor med kvit bomuld til sjegg og måla papp er no å få kjøpt.

Men før laga dei alt sjølv som det høvede sume gjir ^{det} no og. Dei saum-
ar da ^{o) på} lav av tre, klypper ut til nos og, kjest og augor. Nasar vert sauma på av rautt tøy. Lavet er bruka til sjegg.

6. Jolenissemaske vert og bruka når dei gjeng jolebukk. No hev dei andre maskor da ^{men} vert da bruka.

7.

Jolebukkarne delar aller ut gävor. Dei ha andre navn i gamle dagar det var "jolegjeisti" og "grökle". Men dette høyrer no ikkje skurat med til spørsmålet men vert teke med likevel.

8.

Den nye jolenissen vert ikkje sett i samband med den gamle husnissen som dei bar graut til i gamle dagar.

9.

Det vert ikkje fortält om nokon som får gävor i skäler utanfor huse. Einaste kann vera at ein eller onor legg det på ein plads og sejer at det er nissen som hev kome med det.

5144